



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 30.04.2014

**Møtestad:** Kaland barnehage

**Møtetid:** 09:00 - 13:30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordførar
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

---

Rådmann Jan Olav Osen og kommunalsjef Torleiv Frotjold

Austrheim, 05.05.2014

Per Lerøy  
ordførar

Jan Olav Osen  
rådmann

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
079/14	Godkjenning av innkalling og saksliste
080/14	Godkjenning av møteprotokoll
081/14	Meldingar
082/14	Delegerte saker
083/14	Orienteringssak
084/14	Plan for interkommunal samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland, 2014 - 2017
085/14	Endring i bemanningskabal for barnehagane
086/14	Endring av vedtekten for barnehagane i Austrheim 2014
087/14	Budsjettoppfølging mars 2014
088/14	Vidare breibandsutbygging - høyring
089/14	Høyringsuttale - Endringar i lov og forskrift om reservasjonsmogleighet for fastlegar

## **079/14: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **080/14: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **081/14: Meldingar**

### **Framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

**Handsaming:**

Det var ingen meldingar

**Vedtak:**

Det var ingen meldingar.

---

**082/14: Delegerete saker****Framlegg:**

Delegerete saker vert tekne til orientering

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

**Vedtak:**

Delegerete saker vert tekne til orientering

---

**083/14: Orienteringssak****Handsaming:**

Prosjektleiar Frode Hervik orienterte om endringar i sak vedrørande havsporthus - tilskot til drift som vart vedteke i Austrheim formannskap den 09.04.14. Det er behov for å endre tidsperspektivet for avtalen. Det vil bli utarbeida ny sak til møte i formannskapet den 14.05.14.

**Fellesframlegg:**

Orienteringa vert teke til vitande.

Fellesframlegget vart samråystes vedteke.

**Vedtak:**

Orienteringa vert teke til vitande.

---

## **084/14: Plan for interkommunal samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland, 2014 - 2017**

### **Framlegg:**

- Austrheim kommune sluttar seg til innhald og føringar i «*Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland*», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
- Austrheim kommune sluttar seg til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av innsatsområda i planen.
- Austrheim kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av innsatsområda, og at rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan.
- Austrheim kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes tilrådd.

### **Vedtak:**

- Austrheim kommune sluttar seg til innhald og føringar i «*Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland*», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
- Austrheim kommune sluttar seg til at Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av innsatsområda i planen.
- Austrheim kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av innsatsområda, og at rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan.
- Austrheim kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

---

## **085/14: Endring i bemanningskabal for barnehagane**

### **Framlegg:**

Austrheim kommune vil frå hausten 2014 auke tida pedagogane i barnehagane er til stades på avdelinga med 1,5 time pr. dag. For å få dette til, må ein justere slik:

- Utjevne tilgjengelege ressursar mellom barnehagane innafor 2014 budsjettet. Dette inneber å overføre ein stillingsressurs på 60% frå Kaland barnehage til Austrheim kystbarnehage (AKB).
- Tilføre kr. 42.000 til AKB sitt lønsbudsjett for 2014.
- Tilføre ein permanent auke på lønsbudsjetta f.o.m. 2015, som tilsvrar fast ordning av dei justeringane som blir gjort i punkta ovanfor.

Dette utgjer ei ekstra løyving på 2015 – budsjettet for barnehagane i høve til 2014 på kr. 101.000.

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes tilrådd.

### **Vedtak:**

Austrheim kommune vil frå hausten 2014 auke tida pedagogane i barnehagane er til stades på avdelinga med 1,5 time pr. dag. For å få dette til, må ein justere slik:

- Utjevne tilgjengelege ressursar mellom barnehagane innafor 2014 budsjettet. Dette inneber å overføre ein stillingsressurs på 60% frå Kaland barnehage til Austrheim kystbarnehage (AKB).
- Tilføre kr. 42.000 til AKB sitt lønsbudsjett for 2014.
- Tilføre ein permanent auke på lønsbudsjetta f.o.m. 2015, som tilsvrar fast ordning av dei justeringane som blir gjort i punkta ovanfor.

Dette utgjer ei ekstra løyving på 2015 – budsjettet for barnehagane i høve til 2014 på kr. 101.000.

---

## **086/14: Endring av vedtekten for barnehagane i Austrheim 2014**

### **Framlegg:**

Vedtekten er harmoniserte i høve gjeldande lovverk og gjeldande kommunale vedtak. Vidare er det gjort nokre tekstendringar for å gjere vedtekten tydelegare og enklare.

Rådmannen gjer framlegg om å vedta vedtektena for barnahagen med dei revisjonane som er vist til her. Dei reviderte vedtektena vert å gjelde straks dei er vedtekne i kommunestyret.

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrådstemt tilrådd.

**Vedtak:**

Vedtektena er harmoniserte i høve gjeldande lovverk og gjeldande kommunale vedtak. Vidare er det gjort nokre tekstendringar for å gjere vedtektena tydelegare og enklare.

Rådmannen gjer framlegg om å vedta vedtektena for barnahagen med dei revisjonane som er vist til her. Dei reviderte vedtektena vert å gjelde straks dei er vedtekne i kommunestyret.

---

**087/14: Budsjettoppfølging mars 2014**

**Framlegg:**

Saka vert lagt fram til handsaming i møte.

**Handsaming:**

Fellesframlegg:

Budsjettoppfølging mars 2014 vert teke til vitande.

Fellesframlegget vart samrådstemt vedteke.

**Vedtak:**

Budsjettoppfølging mars 2014 vert teke til vitande.

---

## **088/14: Vidare breibandsutbygging - høyring**

### **Framlegg:**

Planane for vidare utbygging av breiband i Austrheim vert lagt ut på høyring i ein månad.

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Planane for vidare utbygging av breiband i Austrheim vert lagt ut på høyring i ein månad.

---

## **089/14: Høyringsuttale - Endringar i lov og forskrift om reservasjonsmoglegheit for fastlegar**

### **Framlegg:**

Høyringsnotat om endringar i lov og forskrift om reservasjonsmuligkeit for fastleger blir lagt fram til handsaming i formannskapet utan innstilling.

### **Handsaming:**

Saka vart trekt i møtet.

### **Vedtak:**

Saka vart trekt.

---